

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 17. april 2020 13:10
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 15/2020, 17. APRIL

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 15/2020, 17. APRIL

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONAKRISA (1): TILTAKA HELD FRAM

Høgskulen i Volda og alle andre høgskular og universitet i Noreg held fram tiltaka mot koronaviruset der all undervisning og rettleiing er flytta over på nett.

KORONAKRISA (2): MULEG UNNTAK FOR FÅ STUDENTAR

Før påske gjorde regjeringa det klart at på somme fag kunne avgangsstudentar etter ei lokal vurdering få tilgang til undervisningslokale. For Høgskulen i Volda gjeld dette einskilde fag på AKF og AMF. Fagmiljøa og kriseleiinga vurderer no aktuelle fag ut frå omsyn til fag, helse og drift/reinhald. Truleg er det inntil 30 studentar som kan vere aktuelle ved HVO.

KORONAKRISA (3): REISEFORBODET ER FORLENGA INNTIL VIDARE

Kriseleiinga innført midt i mars reiseforbod for alle tilsette fram til påske og reiseforbodet er no forlenga inntil vidare.

KORONAKRISA (4): KRISELEIING OG INFORMASJON

Kriseleiinga hadde første møte etter påskeferien i 14. april. I komande veke er det lagt opp til tre møte i veka. Informasjon frå kriseleiinga vil også vidare framover bli formidla til alle tilsette på e-post med fast overskrift: "Kriseleiinga - informasjon etter møte ...".

Nettsida vil også bli oppdatert når det trengs: <https://www.hivolda.no/korona>

Studentane får informasjon som melding på Canvas når det har skjedd nytt dei bør vite om.

KORONAKRISA (5): FJORDKONFERANSEN ER UTSETT TIL NOVEMBER

Fjordkonferansen er utsett til 11.-12. november og det er naturlegvis uvissa koronakrisa som gjer at konferansen vert flytta frå juni til november. Om koronakrisa gjer det uråd å arrangere konferansen på vanleg måte i november så blir nok også Fjordkonferansen arrangert digitalt. Det er Høgskulen på Vestlandet som er teknisk arrangør av årets Fjordkonferanse medan Høgskulen i Volda har ansvaret for publisering av Fjordantologien.

KORONAKRISA (6): UVISSE OM STUDENTUTVEKSLING TIL HAUSTEN

Kriseleiinga har ikkje teke avgjerd i spørsmålet om Studentutveksling hausten 2020 og vil prøve å vente lengst muleg i håp om at utveksling kan bli gjennomført. Kunnskapsministeren oppmodar UH-institusjonane til å planlegge både for at det kan bli ei eller anna form for studentutveksling hausten 2020, men meiner også det er naturleg at institusjonane har alternative planar. Universitet- og høgskulerådet (UHR) sitt utdanningsutval har møte 20. april og der står blant anna utveksling på dagsorden.

KORONA-FRI SONE:

HØGSKULESTYRET (1): FØRSTE MØTE PÅ ZOOM

Høgskulestyret har vanleg styremøte torsdag 23. april, men truleg for første gong blir eit ordinært styremøte gjennomført som videomøte, og det er i alle fall heilt sikkert første gongen styremøtet blir gjennomført på videoplattformen Zoom. Møtet vil bli gjort tilgjengeleg for interesserte anten direkte og/eller i opptak. [Sakspapira til det komande møtet i høgskulestyret er å finne på nettsidene våre.](#)

HØGSKULESTYRET (2): FRAMLEGG OM NY PH.D.

Blant sakene på dagsorden er blant anna planar om å starte [planlegging av ein ny ph.d.](#) Tidlegare har Utdanningsutvalet tilrådd at AHL får starte planlegging av eit doktorgradsstudium.

HØGSKULESTYRET (3): SJU SAKER FOR STUDENTOMBODET

Studentombodet for Høgskulen i Volda har levert [årsrapport for 2019 til høgskulestyret](#). I alt fekk studentombodet sju saker frå studentar ved Høgskulen i Volda, og dei fleste vart raskt løyste. Studentombodet deler Høgskulen i Volda med Høgskulen på Vestlandet. Studentombodet tilrår høgskulen å vurdere å forskriftfeste når timeplanar skal vere ferdige, oppdatere samarbeidsavtalen med Studentparlamentet og å syte for at gratisprinsippet blir etterlevd i alle studium. Det er [Kjersti Brevik Møller](#) som er studentombod ved Høgskulen i Volda.

IVAR AASEN-HUSET KAN BLI RIVE

[Avisa Møre-Nytt skriv at Ivar Aasen-huset kan bli rive](#) for å gi plass til ein kunnskapspark i eit nytt hus. Det er styringsgruppa for ny kunnskapspark som kjem med denne vurderinga ut frå tilstandsrapportar for Ivar Aasen-huset, og dei ser i staden føre seg eit nybygg med parkeringskjellar. Det er Volda kommune som eig Ivar Aasen-huset.

5 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er for tida lyst ut fem stillingar ved Høgskulen i Volda. Det er stillingar på fleire ulike fagområde: Rådgivar for Rekomp (barnehagebasert regional kompetanseutvikling), digitaliseringsrådgivar i fellesadministrasjonen, høgskulelektor i animasjon, driftsteknikar i eigedomsavdelinga, førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i barnevern. [Her er alle stillingane.](#)

STUDENTRADIOEN PÅ FACEBOOK PÅ EIN FREDAG: 19.00-24.00

Studentradioen i Volda kan høyrast i fem timar fredag 17. april. [Studentradioen byr på Livestream og det er på Facebook.](#)

X2 - I LEVANDE LIVE FRÅ PROPELLHALLEN

I 2020 tok koronaen også X2-festivalen ned frå fjellet - men laurdag 18. april vert X2 arrangert som [live-arrangement frå propellhallen i Volda sentrum.](#)

IKKJE LENGER PÅ HEIMEBANE: BORTE-BORD I "LILLESTRØM"

To bord er borte frå Lillestrøm og det luktar av at dei har vorte fjerna og er på bortebane, eventuelt på lånemarknaden. Det er Rolf Liaskar på drift som etterlyser to ståbord som i løpet av desember vart fjerna frå Lillestrøm, og no seier Liaskar at utlånstida for lengst er ute og at borda må tilbake. Og Liaskar vil gjerne ha tips til kvar dei kan vere. Til orientering: Lillestrøm er gangen mellom Ivar Aasen-huset og Hans Strøm-huset.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

PUBLISERING (2): ASKE HÅBERG OG LEER-SALVESEN I "NORSK TIDSSKRIFT FOR UTDANNING OG PRAKSIS"

Håberg, L. I. A. & Leer-Salvesen, K. (2020). The selection of informants in kindergarten research in Norway: A critical review. Nordisk tidsskrift for utdanning og praksis, 14[2], 38–61.

<https://doi.org/10.23865/up.v14.2047>

Artikkelen er tilgjengelig for alle; <https://utdanningogpraksis.no/index.php/up/article/view/2047/4125>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

17.4.2020: [Webinar: Kunstnarøkonomi og sjølvmelding](#), Seanse

23.4.2020: [Styremøte 2/2020 \(STYREMØTE PÅ NETT\)](#)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Korona-krisa \(2\): Når heime blir jobb](#) (27.3.2020)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)